

Oppsummering av inspirasjonssamlinger i Masfjorden og Rosendal

«Glade bønder» har med Fadderprosjektet som oppdragsgjevar/økonomisk støtte gjennomført to inspirasjonssamlinger med Humørbonden Geir Styve som innleiar. For å forankra arrangementet har me hatt fleire samarbeidspartar som gjennom sitt nettverk har hjelpt til med å gjera arrangementet kjent, som Landbruksrådgjevinga, lokale landbrukskontor og næringsshagar.

Noko av baktanken med å gå breitt ut var å skapa møteplassar mellom tradisjonelt landbruk og anna næringsliv. Bonden treng avsetnad for produkta sine og foredraget på samlinga kunne og «brukast» av gründerar generelt.

På samlinga i Masfjorden møtte 20 personar. Dei ferskaste bøndene hadde nettopp overtatt gard og var «på leit» etter rett produksjon å driva med. Det var og godt etablerte bønder som kom for å få inspirasjon.

Ei av deltakarane hadde fått fadder gjennom Fadderprosjektet tre gongar og kunne gje god informasjon om korleis ein kunne skaffa seg fadder og kva hjelp ho hadde fått i prosjekta sine.

Det vart gode samtalar der deltakarane kunne drøfta eiga problemstilling og få råd frå andre deltakarar om korleis dei kunne få hjelp til å koma vidare med planane sine.

På slutten av samlinga bad kafeverten om å få ordet. Ho fortalde at det var etter ei inspirasjonssamling Glade bønder og landbrukskontoret arrangerte i Masfjorden for tre år sidan, at ho hadde tatt mot til seg og realisert draumen om å opna kafe. Ho ville gje oss æra for dette.

For oss som er kjend i lokalmiljøet og følg med på kva som skjer på Sandneskafeèn, så ser me kor viktig den er ikkje berre som arbeidsplass, men som kulturbærar i bygda.

Kafeèn serverer fortrinnsvis kortreist mat. På denne samlinga betalte landbrukskontoret i Masfjorden serveringa.

Inspirasjonssamling i Rosendal 30.11.

I Rosendal kolliderte dessverre arrangementet med ei rekkje andre arrangement samme kveld.

Landbrukskontoret hadde gjort ein formidabel jobb med å gjera arrangementet kjent og det kom 15 deltakarar.

Her var breidda alt frå Norges yngste bonde, unge bønder til dei godt etablerte. Dei gav uttrykk for at dei likte å «få ein vekkar» ved å få sjå og høyra om kreative måtar å driva gard på som kunne gje god lønnsomhet. Fleire var i etablerarfasen og søkjande.

Landbrukskontoret oppmoda dei som ville ha hjelp vidare om å ta kontakt, så skulle dei hjelpa dei med å søkja om midler til faddrar eller anna dei ville ha hjelp til.

Resultatet av samlingane veit me ikkje pr i dag, men underteikna trur på å samla personar på tvers av produksjonar innimellom.

Deltakarane har alltid noko å læra av kvarandre og med inspirasjon frå innleiar vil kanskje nokon våga å ta steget vidare med å utvikla si eiga bedrift.

Liv H.v.d. Kooij, prosjektleiar for Glade bønder